

ÅRSMELDING 2018 - Miljøpartiet dei Grøne Vang

Laget heldt sitt årsmøte den 11. mars på Mjøsvang kafé, med 5 medlemmar tilstades. Følgjande styre vart valt:

- Derk Stegwee leiar
- Marte Tangen sekretær
- Marit Ødegården kasserer
- Erlend Eggen
- Aron F. Gudmundsson

Styret har ikkje hatt eigne møter i 2018. I løpet av året har både Marit og Aron flytta frå Vang. Erlend har overtatt kassereroppdraget.

Politisk arbeid

Erlend har representert MDG Vang i kommunestyret (med Ida som vara i enkelte møte) i hovedutval for utvikling, ressursgruppe for å følgje opp bustadstrategien og ressursgruppe for å følgje opp kommunedelplanen for Tyin Filefjell. Vi har gjennomført enkelte lokallagsmøter i forkant av dei fleste kommunestyremøta, med mellom 3 og 5 deltakarar.

Laget har i 2018 hatt som hovudprioritet å følgje opp arbeidet med dei nye retningslinene i bustadstrategien. Vi fremma òg forslaget om prosjektgruppa som jobbar med å følgje opp bustadsituasjonen i kommunen og undersøker moglegheitene for eit samarbeid med husbanken om nye bolegar for utleige.

Laget har òg jobba hardt for å vedta framlagt sentrumsplan for Vang. Dette har vore viktig både for å få framdrift i nye private initiativ til bygging av bustader for sal, og for at arbeidet med å bygge for utleige i sentrum kan starte. Sentrumsplanen vart vedteke i desember 2018.

Hausten 2018 vart det jobba mykje med nye forslag og revideringar i det framlagte budsjettet. Nokre av forslaga vart vedteke. MDG Vang var det partiet som la fram dei største budsjettendringane med positive vedtak. Den største sigeren var at Vang kommune vedtok å bruke 150 000 kroner for å jobbe vidare med ein klimaplan og eit klimabudsjett for Vang kommune. Målsettinga er å etablere ein koordinert prosess for heile Valdres.

MDG Vang ønskjer rask framdrift i saker som handlar om bustader og nødvendige tenester til innbyggjarane i kommunen. Laget er pådrivar for ryddige og godt utarbeida planprosessar, og meiner at kommunen har vore heldig med rekruttering av unge arbeidstakarar med relevant utdanning og arbeidserfaring. Laget er likevel kritisk til korleis bemanninga framover ser ut, og om kommunen er godt nok førebudd på eit nært føreståande generasjonsskifte i eigen stab. Rekruttering er saman med klimaplan, klimabudsjett, tett oppfølging av nærings- og bustadarbeidet til Innovangsjon dei viktigaste oppgåvene i 2019.

Arrangement

27. oktober deltok Erlend og Tor-Evert Grøndal Johansen på eit møte med MDG Oppland der dei diskuterte korleis å bli tydelegare i politikken, og der dei folkevalte delte sine erfaringar frå lokalpolitikken.

11. november arrangerte vi eit ope møte på biblioteket for å drøfte framtida til MDG Vang. 15 engasjerte sambygdingar møttest og drøfta desse fire spørsmåla:

- Kva er den viktigaste saka for deg i neste 4-års periode?
- Kva meiner du er ei gløymt klimasak i Vang og Valdres?
- Korleis sikrar vi framdrift i viktige saker?
- Kva for ambisjonsnivå skal vi legge oss på, og kva kan eventuelt du bidra med?

Tor-Evert leia kafèdialogen, Mange gode innspel vart notert og presentert og stemt over. Utfyllande referat vart publisert på facebookside vår og fikk god respons.

Vedteke på årsmøte 12. februar 2019.